

Lev Livet-dag på Emblem



Utfordrande og kjekt med Lev Livet-dag på Emblem

Laurdag 22. mars var om lag 50 foreldre samla på Emblem bedehus.

Tekst og foto: Karl Arne Austnes

Tema var trusformidling i heimen og Runar Landro og Merete Å. Blindheim frå Fredheim Sandnes var med og sette fokus på eit viktig tema.

Tru kan ikkje arvast, den må fødest.

Dette kan stå som overskrift på den innleiinga Runar Landro gav. –Det er to verdiar vi bør gi til våre born, det er røter og vingar. Vi skal innprente borna våre Guds ord og vi kan påverke trusklimate i heimen

minna Runar om. All erfaring viser at mor og far har mest påverking på borna. Dess nærare relasjon, dess tydlegare påverking. Trua vert gripen meir enn ho vert lært. Det handlar om klima og atmosfære. Læring er viktigare enn undervisning og foreldra er pensum.

Som foreldre må vi vere målbevisste og ha ein plan. – Gud må kome først i ditt liv, det handlar om relasjon og ikkje teneste, minna Runar Landro om. – Du kan ikkje gi borna det du ikkje har, var den tankevekkande avslutninga hans.


Tru og truverdigheit på heimebane

- Born kopierer og dei luktar «faking», ver ærleg. Dette var oppmodinga frå Merete Å. Blindheim i starten på henne innlegg. Vi har 168 timar i veka, kor mange av dei brukar vi til tru på heimebane? Å oppdrage born er tøft, det er lett å gå i samanlikningsfella som er jantelova sitt søskenborn. – I bibelen har vi truverdige trusheltar, minna ho om. Sjå på Abraham og David, her er mykje åndeleg lærdom. Det handlar om å leve med Gud og gje det vidare. - Vi må ha eit språk for det vi er opptatt av, er vi opptatt av Jesus? Dette var Merete sin appell til slutt.

Navigasjonskurs

- LevLivet- dagen gav ein slags navigasjonskurs. Dette seier Solveig K. Angeltveit. Ho er 31 år og høyrer til på Emblem bedehus. – Dagen har sett fokus på gåva og oppgåva vi har overfor våre born om å vidareformidle ei truverdig tru. Det var oppmuntrande med solid undervisning og positivt å dele erfaringar og tankar med andre kristne foreldre om eit livsviktig tema.

Eivind Slyngstad er 37 år og frå Tennfjord. Det viktigaste inntrykket han sit igjen med er at vi som foreldre må vere bevisst på å lære borna Guds ord frå dei er små. – Det er fint å bli minna på at vi som kristne foreldre har stor påverkingskraft på våre eigne born i oppveksten. Det er viktig med ein open heim der det er synleg at vi er kristne, er oppmodinga frå Eivind. – LevLivet- dagen vart ei viktig påminning om kor viktig det er, i min kvardag, at mitt hjarteforhold til Jesus blir halde levande, avsluttar Solveig.



Påske for Herren



Karl Arne Austnes
Kretsleder Sunnmøre
Indremisjon

I 2. kongebok kapittel 23 vert det fortalt om korleis kong Josia oppmoda heile folket om å halde påske for Herren. Eg trur denne oppmodinga frå fleire tusen år tilbake er like aktuell i dag. Påska er den største kristne høgtida. Vi får minnst denne underlege og gripande bodskapen om at den evige Gud vart vår lidande tenar og forsonar. Det å fylgje Jesus på hans lidingsveg mot kross og grav vil alltid gripe hjartet til den truande. Difor blir gleda stor i møte med den opne grava på påskemorgon og i møte med den herlege sanninga om at Jesus lever i dag og bur i hjartet vårt ved trua.

Med dette som bakgrunn

er det til ettertanke at påska i Norge i dag i stadig sterkare grad vert oppfatta som ferie og ikkje som kristen høgtid. Denne tankegangen pregar også oss kristne. På ein måte kan vi forstå det. Mange lever travle liv og det er då naturleg å sjå fram til verdifulle feriedagar ein får ha saman med familie og gode vener. Mitt ynskje er ikkje å gje folk dårleg samvit fordi ein har behov for ferie og det må ikkje verte slik at det å samlast i den kristne forsamlinga blir eit ork og ei belastning.

Ein profilert svensk kristenleiar har nyleg meldt at han går over til den katolske kyrkja. Det er ikkje eit eksempel til etterfylgning fordi den katolske kyrkje ikkje er ei evangelisk kyrkje. Men eg trur vi har noko å lære både av våre jødiske røter og frå dei historiske kyrkjene. Kristen tru handlar om meir enn det vi høyrer og les, det handlar også om det vi luktar, smakar, kjenner og ser og om det vi gjer saman.

Kva med å prøve å lage til det jødiske påskemåltidet? Her er mange spennande smakar og mange åndelege bilde som gir høve til gode samtalar. Kva med å pynte bedehusa våre med påskemotiv? Nattverden og påskebodskapen elles har sterke fellesskapstrekk som er til velsigning.

Sunnmøre Indremisjon har denne påska gleda av å tilby påskemøter både «synja i og nåra i djupa».

Både på Remøya og på Valderøya har vi samanhengande møter påskedagane. (Sjå annonse på side 5 for nærare info) I tillegg er det mange enkeltmøter på bedehusa våre. Saman kan vi avslutte påska med gudsteneste/inspirasjonssamling på Borg 2. påskedag.

Lat oss «halde påske for Herren»

i år. Bakgrunnen for at kong Josia kom med denne oppmodinga var at han måtte rydde ut avgudsdyrkinga i folket. Skal vi vere ærlege må vi erkjenne at vi bur i eit folk som dyrkar «avgudar» og matrealisme. Kong Josia fann igjen lovbooka i Herrens hus og dette førte til fornying i folket. Eit møte med Guds ord er også det som kan fornye oss. Lat oss saman fornyast i felles glede over bodskapen om at Jesus døydde for meg og lat det bli eit vitnemål til folket vårt at bedehusfolket på Sunnmøre er opptatt av å høgtide påske i den kristne forsamlinga og i heimen.

God påske!

«Kristen tru handlar om meir enn det vi høyrer og les, det handlar også om det vi luktar, smakar, kjenner og ser og om det vi gjer saman.»

ORGAN FOR SUNNMØRE INDREMISJON

Heimemisjoen

Redaktør: Karl Arne Austnes
Postboks 7836 Spjelkavik,
6022 Ålesund
Tlf. 70 17 86 70
Fax. 70 17 86 69
Bankgiro: 3000.15.31235
E-post: sunnmore@imf.no
Internett: www.imf.no/sunnmore
Ung Misjon: www.ungmisjon.no

Brusdalsheimen

Telefon: 70 27 45 53
Bankgiro 3900.31.17255

Orreneset Misjonssenter

Telefon: 70 25 07 56
Bankgiro: 4045.07.07211

Daggry barnehage

Telefon: 70 18 24 97
Bankgiro: 3000.21.36682

Borgund Folkehøgskule

Telefon: 70 17 76 00
Bankgiro: 8220.002.20788

Møre Ungdomsskule

Telefon: 70 17 66 70
Bankgiro: 8220.02.80287

Møre Ungd.skule Herøy

Telefon: 70 08 05 50
Bankgiro: 3000.18.45655

Begravelsesbyrået Sunnmøre A/S

Telefon: 70 17 86 60
Vakttelefon: 90 86 38 56

Si-Reiser AS

Telefon: 70 17 90 00
www.si-reiser.no

Radio Sentrum

Telefon: 70 15 41 00
Bankgiro: 3900.21.10311
www.radiosentrum.no

Sommartreff 31.mai-1.juni

Sjå for deg havet, med krusningar og bølgeskvulp. Kjenner du lukta av saltvatn og tare? Sanden på Flø er nydelig, bålet knitrar og grillpølsa begynner å verte akkurat passe brent.

Tekst og foto: Rannveig A. Nybø

Dette kan vere deg «Kristi himmelfartshelga» i månadsskiftet mai juni. Denne helga er det Sommartreff i Herøy. Laurdag er det årsmøte i Sunnmøre Indremisjon på Herøy barne- og ungdomsskule og søndagen er det storsamling for heile Indremisjonsfamilien med gudstjeneste, familiemøte, mat og sosialt. Her håper vi «alle» vert med. Så kva med dagane før? Torsdag er det Kristi himmelfarstidag, og fredagen ein slik innklemt dag med skulefri. Ta deg ein ferietur ut i havgapet!

Herøy har mykje å by på! Vi kan nemnte Hakkalegarden, Runde Miljøenter, Ishavsmuseet på Brandal, Flø og flotte turstiar. Kva med å leige ein båt og køyre rundt Runde? Eller sitje i båten utanfor Fosnavåg med fiskestanga i hendene? Campingplassar, båthamner og hotell, overnattingmulighetane er mange. Så set av helga allereie no! Velkommen til Sommartreff!



På sommartreffet på Herøy kan du oppleve naturen tett på kroppen.

Natt til 1.mai Gospel

Den 30. april braker det løs på Blindheim bedehus igjen.

Tekst: Eivind Landro
Foto:

Da er det duket for et nytt Natt til 1.mai Gospel arrangement. Dette er et arrangement med lang tradisjon som de aller fleste kristne ungdommer på Sunnmøre kjenner til. De siste årene har det alltid vært en gospelnight der flere kor opptrer, og det vil det også bli i år, men i litt mindre skala denne gangen.

I år får vi nemlig besøk av Team Sulebakk som noen kanskje husker fra sist årsmøte. I tillegg får de med seg to rappere fra Bergen som kaller seg for KløverKnekt og Skarre r. De kommer til å kjøre et show for oss med andakt, i tillegg til at Respons skal få synge til oss. Det blir selvfølgelig cafe og nede i kjelleren etterpå og tid til prat og venner.

Dette blir med andre ord en strålende kveld, så det er bare å skrive det inn i kalenderen med en gang. Ta med deg en venn eller fire og kom, for dette blir bra!



Team Sulebakk og KløverKnekt&Skarre r. kommer også!

Stort lyft for Orreneset Misjonssenter



Kjekt med leir på Orreneset synst desse to karane.

Prosjekt Asfalt er i startgropa!
Prosjektet er gjort mogleg av eit stort spleiselag i høve 30 års jubileumet for Orreneset misjonssenter.

Asfalten i trafikkområdet, smuldrar bort og vi treng nytt bærelag og ny asfalt. Asfaltbitar løsnar frå veggen og blir slengt gjennom lufta når snøfresaren er i aktivitet. Telen pressar store steinar opp mot asfalten og gjer vegen til ei berg og dalbane.

Brøytemaskinene vert større og i prosjektet utvidar vi passasjen forbi austhjørnet på hovedhuset, for bedre oversikt og enklare brøyting. Masse som vert fjerna, skal brukast til oppfylling rundt vesthjørnet av hovedbygget og P-plass på vestsida av hytte 6. Slik slepp vi dyr bortkøyring av overskotsmasse.

STOR TAKK til alle som har vore med på spleiselaget i regi av Kjell Furnes, som tok effektivt grep med direkte spørsmål til misjonsvenner om bidrag til Prosjekt Asfalt. Vi har også sendt ut egne "flygeblad" i nokre bygdelag. Disponibelt innsamla beløp er kr. 366 250 som er øymerka til prosjektet.

Kostnad til alt arbeid på nordsida og utviding av vei på aust- og vestsida av hovedbygget, er kostnadsrekna til kr 611 000 m/moms. Stranda anleggsservice er ansvarleg entreprenør for prosjektet og Steinar Aanning utfører arbeidet. Steinar, som vinterbrøyter på Orreneset, har stor innsikt i å kunne tilrettelegge for lett vint bruk av trafikarealet og vi trur prosjektet er i gode hender.

MEN dei vil sjølvsagt ha betalt for arbeidet og her kjem DU inni bildet. Orreneset misjonssenter må bruke vedlikehaldsmidlar til deler av kostnaden, så hvis DU ynskjer kan du fortsatt gje gåve og øymerke ho til prosjektet.

19. mai har vi sett som oppstartdato. Sjølvsagt avhengig av værforhold.

Vi er veldig spent på resultatet, ikkje minst uforutsette kostnader. Vi vonar å sleppe fjellsprenging og fryktar litt kva som skjuler seg under gamle-asfalten.

Som De sikkert forstår treng vi ikkje berre pengar, men folda hender i bøn til Gud slik at Prosjekt Asfalt kan gjere Orreneset misjonssenter til eit enda betre redskap i Herrens hender. Takk for DIN HJELP!

GÅVEKONTOEN er fortsatt 4030 07 05199
Merk gåva: Prosjekt asfalt

Orreneset misjonssenter
Hans Høydalsvik, styreleiar

KRINSNYTT

Strategi 2014-2019

Krinsstyret vil sende eit høyringsforslag til ny strategiplan ut til lokalforeiningar og underavdelingar for påske. Det er viktig at strategiplanen blir godt forankra i arbeidet lokalt. Vi ber difor om at planen blir tema på styremøte i lokalforeiningane slik at vi kan få tilbakemeldingar for planen skal opp til godkjenning på årsmøtet 31. mai. Strategi handlar om å velje og det handlar om kvar Herren leiar oss i arbeidet. Be om at denne planen må bli til velsigning og vekst i arbeidet.

Valnemnda

Valnemnda til årsmøtet er godt i gong med arbeidet. Ole Bjørn Vik frå Skodje er leiar. Elles er Ståle Tønnesen, Ulsteinvik, Jostein Molvær, Langevåg, Ninni Kalvø, Søvik og Iris Kiplesund, Godøy med i valnemnda. Ta gjerne kontakt med ein av medlemmane om du har forslag til kandidatar. Det er viktig at krinsstyret får ein brei og god representasjon frå arbeidet vårt. Særleg er det viktig at yngre folk på denne måten får kjennskap til arbeidet og moglegheit til leiarskap og påverking. Be for arbeidet i valnemnda.

Ekteskap/samlivshelg på Orreneset

Helga 7. – 9. november vil Sunnmøre Indremisjon arrangere ekteskap/samlivskurs på Orreneset. ermate Sunnmøre (sjelesorgsenter) blir med oss og underviser om temaet. Det er mykje betre å førebygge enn å reparere, også når det gjeld samliva våre. Difor ynskjer Sunnmøre Indremisjon å tilby dette kurset. Det er godt å sette seg ned og samtale om korleis ein kan hjelpe kvarandre som ektefolk, og det er godt å få konkret råd og vegleing. Vi oppmodar også gjerne unge som går med gifteplanar om å melde seg på. Ei slik helg kan vere med og gi samlivet ein god start.

REISERUTER april-juni

KARL ARNE AUSTNES

13.04: Blindheim, 20.04: Godøy, 21.04: storsamling Borg, 27.04: Sykkylven, 04.05: Emblem, 13.05: Misjonsrådsmøte Bergen, 25.05: Godøy, 25.05: Sykkylven bhf., 27.05: lederveiledning Godøya, 31.05-01.06: årsmøte (Møre barne- og ungdomsskule)

KJELL FURNES

10.04: Fiskö, 25.04.05: Sykkylven bhf., 08.06:Ulsteinvik, 26.-29.06: Finnmark

EYVIND VOLLE

17.- 18.04: Valle, 20.04: Sykkylven bhf., 21.04: Ørsta

PEDER ALMEDAL

13.04: Ålesund, 23.-24.04: Knoten, 27.04: Spjellkavik

GUNNAR FERSTAD

26.04: Langevåg/Godøya, 27.04: Godøya/Langevåg

ODDBJØRN BRUNSTAD

08.06: Godøya

MARIT STOKKEN

16.-21.04: Valderøy, 21.04: storsamling Borg, 07.-11.05: Søre Sunnmøre

INGBJØRN VINGEN

17.04: Sjøholt

ERIK FURNES

10.08: Orrenesstemne

RUBEN LIE MONSEN

18.-20.04: Valderøya, 06.-11.05: Søre Sunnmøre, 16.05: Godøya, 17.05: Blindheim, 18.05: Vigra

RANDI FAGERHOL LAUVÅS:

04.05: Godøya

KJETIL FYLLINGEN

13.06-15.06: Tentrøff

INGRID STEINSHAMN

20.06-23.06: Jenteleir

ARE BAKKE

27.04: Ulsteinvik

ANDREAS NORDLI:

31.05 og 01.06:Årsmøtet SIM, Møre barne- og ungdomsskule

ODD GISKE

10.04: Østre Ellingsøy nattv.møte

HELGE DIMMEN

Godøya: 22.06

KURT URHAUG:

16.04-20.04: Rømøya

PÅSKEMØTER PÅ SUNNMØRE



VALDERØY BEDEHUS

Talere: Marit Stokken og Ruben Lie Monsen

Skjærtorsdag:

Kl. 11.00: Nattverdmøte
Kl. 19.30: Marit Stokken

Langfredag:

Kl. 18.00: Ruben Lie Monsen
Kl. 19.30: Marit Stokken

Påskeafta:

Kl. 18.00: Ruben Lie Monsen
Kl. 19.30: Marit Stokken
Kl. 22.00: U-kveld m/Ruben Lie Monsen

1.påskedag:

Kl. 09.45: påskefrokost i kirkekjeller Valderøy
Kl. 11.00: Gudstjeneste
Kl. 19.30: Ruben Lie Monsen

REMØY BEDEHUS

Taler: Kurt Urhaug
Tema: "Sjå vi går opp til Jerusalem"

Onsdag 16.04:

Kl. 19.30

Skjærtorsdag:

Kl. 18.00

Kl. 19.30

Langfredag:

Kl. 18.00

Kl. 19.30

Påskeafta:

Kl. 18.00 Nattverdmøte

Kl. 19.30

1.Påskedag:

Kl. 11.00

VELKOMMEN TIL
SAMLING OM PÅSKEBUDSKAPET!



**INVITERER TIL
GUDSTJENESTE/INSPIRASJONSSAMLING
PÅ BORGUND FOLKEHØYSKOLE
2. PÅSKEDAG KL 12.00**

- Tale v/Marit Stokken
- God sang og musikk
- Opplagg for barna v/Ung Misjon
- Nattverd
- Kollekt til Sunnmøre Indremisjon

Etter Gudstjenesten blir det salg av middag (100,-) Gratis for barn under 10 år

Velkommen fra hele Sunnmøre til samling om påskebudskapet!